
Fra: FRIKAR / Hallgrim Hansegård <art@frikar.com>
Sendt: 29. november 2020 23:59
Til: Postmottak KUD
Kopi: Siri Wigdel; Ann-Merete Haraldsen Lund
Emne: Innspill til strategi for folkemusikk og folkedans

Kategorier: Grønn kategori

Til Kulturdepartementet

Innspel frå dansekompaniet FRIKAR, talentutviklingsprogrammet FRIKAR X og Fjelldansen regionale kompetansesenter for dans

1. Korleis kan politikk og forvaltning innanfor folkedans best ivareta dei tradisjonelle uttrykka og samtidig stimulere mangfald og fornying?

Folkedansen blir best gjennom symbiose mellom alle involverte partar, eit slags “utviklingshjul”: Forbilda (som t.d. dansekompania) inspirerer ungar til å lære seg folkedans av instruktørar i spel- og dansarlaga og kulturskulane. Ungane blir ivrige, deltek på kappleikar og blir dyktigare. Her får dei også eit nettverk på tvers av generasjonane. Dei beste kjem inn på dansehøgskular og/eller talentutviklingsprogram (som Talent Norge-programmet FRIKAR X) og vidare inn i arbeidslivet som profesjonelle dansarar eller instruktørar. Utøvarane kan også få residens og samproduksjon hjå kompetansesenter som t.d. Fjelldansen og tingingsverk frå festivalar. Slik får dei grunnlag for å danne nye prosjekt og kompani. Også dei som lærer seg folkedans for det sosiale aspektet blir viktige publikumarar for festivalane og arrangørane som blir viktige oppdragsgjevarar for kompania og utøvarane.

For å ivareta både dei tradisjonelle uttrykka og stimulere til mangfald og fornying treng me alle desse aktørane. Lita breidd gjev lågt toppnivå som igjen inspirerer lita rekruttering. Motsatt inspirerte FRIKAR med prestasjonane sine i TV-program som

So you think you can dance, Norske Talenter og Eurovision til ventekøer på folkedanskurs rundt 2010.

Forslag til konkrete tiltak:

- Løfte eit folkedanskompani inn på statsbudsjettet og gje dei moglegheiten til å tilsetja folkedansarar og slik inspirere generasjonar til å bli gode i folkedans, gå på kurs og utdanning og kanskje få seg jobb. I dag er det svært lite arbeid til folkedansarar sidan ingen av folkedanskompania har driftsstønad, og aldri har hatt det. Folkedanskompania når ikkje opp i driftsfinansieringa i Kulturrådet der fornying er det viktigaste kriteriet. Folkedanskompani må balansere tradisjon og fornying, noko Kulturrådet ser på som kunstnarleg kompromiss. NB! Me meiner at ei styrking av folkedanskompania er nødvendig for at ei eventuell utdanning i folkedans skal kunne tiltrekke seg nok søkjarar. I dag er det ikkje mange nok folkedansarar som deltek på prøvedansar, og tidlegare forsøk på folkedansutdanning har ikkje lukkast med rekruttering.
- Styrke den eksisterande infrastrukturen med dei regionale kompetansesentra for dans der Fjelldansen er det senteret som har spesialisert seg på folkedans. Dette er foreslått inn på statsbudsjettet med ei auking på 150.000 kr. Det totale budsjettet til Fjelldansen vil då berre rekke til ei 40% stilling. Ei ytterlegare auking vil kunne gje Fjelldansen musklar til å samarbeide med arrangørar og utøvarar i folkedansfeltet i mykje større grad.
- Styrke den eksisterande infrastrukturen innan talentutvikling. I fråvere av folkedansutdanning er det talentutviklingsprogramma som har bidratt mest til utviklinga av den profesjonelle folkedansen i Norge. FRIKAR har drive talentutviklingsprogram sidan 2008 og kom i 2017 inn på ordninga til Talent Norge med det treårige programmet FRIKAR X. Med større midlar kunne

programmet bidratt i fleire landsdelar, eller bistått andre miljø å byggje opp alternative program.

- Folke­dans tiltrek­ker seg begge kjønn. Dei tradisjonelle danselinjene og dansehøgskulane tiltrek­ker seg nesten utelukkande kvinner. Felles for dei er at moderne, jazz og ballett har fyrste prioritet. Kva skulane skal undervise i er eit politisk val. Så få mannlege dansarar på høgt nivå er difor politisk kritikkverdig når ein kunne auka den mannlege deltakinga ved å ha sjangeruavhengige krav til danselinjene og utdanningane. Det kunne gjeve folke­dans og hiphop (som begge tiltrek­ker seg begge kjønn) lettare tilgang til dette undervisningsnivået.
- Folkemusikkfestivalar bør kunne søkje på, og blitt vurdert seriøst, i både arrangørstøtte for musikkfestivalar og gjestespelstøtteordninga i Kulturrådet. I dag er det slik at dersom ein folkemusikkfestival har arrangørstøtte som musikkfestival blir det forventa av scenekunstutvalet at dei kan programmere dans innanfor budsjettet dei har frå arrangørstøtteordninga. Me treng ikkje nye folke­dansfestivalar dersom folkemusikkfestivalane har musklar til å programmere dans, og tinge nye danseverk.
- Viktig at folke­danspolitiske organ ikkje set profesjonaliseringa og det frivillige opp mot kvarandre, men anerkjenner den symbiotiske verdien av samarbeid mellom frivillige og profesjonelle.

2. Korleis kan det best bli lagt til rette for opplæring og kompetanseheving innanfor folke­dans?

Me treng fleire skulelærarar som kan folke­dans. Å løfte fram folke­dans på likefot med “kreativ dans”, moderne, jazz og ballett i utdanningane vil kunne hjelpe.

Me treng større lyst på folkedans hjå både elevar og lærarar i skule og utdanning. Å styrke dansekompania kan hjelpe på lysten på folkedans.

Satse på varige tiltak, ikkje periodebaserte tiltak. Det er viktig å spela på lag med spel- og dansarlaga, og heller gje dei finansiering til å hyre inn ekstrakompetanse.

Periodebaserte tiltak som t.d. det elles fenomenale “Bygda dansar” har overtatt rekrutteringsarbeidet i regionar som har gjort at lokale, frivillige har trekt seg tilbake og ikkje kome tilbake på banen når prosjektet er over.

FRIKAR X, Talent Norge sitt program for folkedans, skapar arena for kompetanseutveksling mellom folkedansarar og høgskuleutdanna dansarar frå andre sjangrar. Dette hevar nivået på begge sider.

3. Korleis kan det best bli lagt til rette for mest mogleg effektiv bevaring og arkivering av relevant materielt og immaterielt innhald frå folkemusikk og folkedansfeltet?

Den immaterielle kulturarven blir best tatt vare på ved å stimulere til ein levande, immateriell kulturarv. For at den skal leva er det viktig med aktørar som gjer kulturarven aktuell i samtida. Då rekrutterer miljøet betre, både folk som vil konservere og folk som vil blåse nytt liv i kulturarven.

Det bør bli forska meir på folkedans og folkemusikk, ikkje minst i den skapande kunstsida av kulturarven.

2. Korleis kan det best bli lagt til rette for forskning, formidling og tilgjengeleggjering av dette materialet?

Samarbeid med institusjonar utanfor folkemusikk og folkedans for å få breiare perspektiv på ting både i folkemusikk-miljøet og i andre sjangrar og fag. Dette kan også føre til betre utnytting av ressursane.

Fleire forskarstillingar fordelt på ulike høgskular for meir forskning og god fordeling av definisjonsmakt.

2. Korleis kan internasjonalt samarbeid bidra til styrke folkedansen sin posisjon i samfunnet?

Internasjonale samarbeid gjer det nødvendig å kommunisere essensen av kulturarven vår til samarbeidspartnarane. Det gjer oss i betre stand til å kommunisere kulturarven vår ut i det norske samfunnet også.

Danseframсыninga "8", eit samarbeid mellom FRIKAR sine norske folkedansarar og kungfumunkar frå eit kinesisk taoisttempel, skapte enorm merksemd rundt folkedansen i 2012 med utselt turne for 10.000 publikumarar, TV-dokumentar, internasjonalt prisløna TV-ballett og ei rekke verkstader rundt om i landet. Dette er eit døme på at internasjonalt samarbeid vekker interesse utover vårt eiga miljø.

Suksess ute er ofte nødvendig for å bli lytta nok til heime.

Kompetansesentra som Fjell dansen har arrangert kunstnarresidensar der norske folkedansarar har møtt folkedansarar frå andre land som også skapar ny kunst. Dette er folk som jobbar med dei same problemstillingane rundt kva reglar bør me bryte med og kva reglar bør me respektere i kulturarven. I slike tilfelle kan ikkje folkedansen kopiere samtidsdansen i fornyingsprosessen. Då er det desto viktigare å kunne samarbeide med aktørar internasjonalt som har sine refleksjonar rundt våre dilemma.

Med venleg helsing
Hallgrim Hansegård
For dansekompaniet FRIKAR

Siri Wigdel
For FRIKAR X og Fjell dansen regionale kompetansesenter for dans

[Hallgrim Hansegård](#)

Artistic director & choreographer

FRIKAR

FREE YOURSELF

frikar.com :: [facebook](#) :: (+47) 47611547



FRIKAR